

## Kapellet, preste- og samtaletjenesten

Sykehus kapellet ligger i 1. etg. rett ved inngangen til B-blokken. Personalet kan forklare og vise deg vei! Det vil bli annonsert i denne Søndagshilsen når det er gudstjeneste i kapellet. Gudstjenestene er med nattverd. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si fra til personalet som formidler beskjed til presten.

### SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon.

Presten har taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

### SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettssider under «Prestetjeneste».



**Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

i

Vil du ha mer informasjon  
eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527  
[www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no)  
Søk :prestetjenester

# Søndagshelsing

08.05.2022

4. søndag i påsketida  
Tema: Halde fast



Kapellet er å ope kvar  
dag for lystenning eller ei stille stund.

Tysdager kl 11:30 er det ei kort middagsbøn i kapellet.

## 4. søndag i påsketida

### Prekentekst: Johannes 14, 1-11

1 Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! 2 I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg - då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? 3 Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. 4 Og dit eg går, veit de vegen.»

5 Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?» 6 Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg. 7 Har de kjent meg, skal de òg kjenna Far min. Frå no av kjenner de han og har sett han.»

8 Filip seier til han: «Herre, syn oss Far, det er nok for oss.» 9 Jesus svarar: «No har eg vore så lang ei tid saman med dykk, og du kjenner meg ikkje, Filip? Den som har sett meg, har sett Far. Korleis kan du då seja: 'Syn oss Far'? 10 Trur du ikkje at eg er i Far og Far i meg? Dei ord eg talar til dykk, har eg ikkje frå meg sjølv; det er Far som er i meg og gjer sine gjerningar. 11 Tru meg: Eg er i Far og Far i meg. Om ikkje for anna, så tru det for gjerningane skuld.



### Hald fast...

Bekymring og uro for framtida er noko vi alle kan kjenne på, enten det handlar om sjukdom og død, våre eigne born eller om store og små omveltingar i livet. No er krigen i Ukraina er også skremmande, ikkje minst fordi den kjennest nær, vekker minner for mange som opplevde 2. verdskrig og rokkar ved trua vår på det gode, trua på sanninga. Løgner legitimerer handlingar og vi blir ståande makteslause å sjå på.

I eit lite skrin på kontoret har vi, sjukehusprestane, liggande nokre gripekors. Dei er laga av oliventre frå Bethlehem og passar akkurat inne i ei hand og er gode å gripe om. I blant kan det vere godt å ha noko konkret å halde fast i når grunnen gyngar under oss, når framtida er usikker og vi ikkje veit heilt kva vi skal tru. Å halde fast - det er det Jesus ber oss om i denne teksten – å halde fast i det gode!

Jesu ord til læresveinane er trøyst også til oss i vår tid: «La ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!» Jesus og Gud er eitt. Guds kjærleik er den som står til evig tid. Kjærleiken er sanninga! Jesus naudar oss til å halde fast i det. Uansett kva som skjer, er Gud med! For Gud held oss fast. Som Jesus seier ein annan stad i Johannesevangeliet: «...ingen skal riva dei ut av mi hand» (Joh 10,28).

God søndag!

Kristin Lødøen Hope, sjukehusprest